



Mastergradsstudent Johannes Haerdeng er i felt og driv skredkartlegging i Ulvanoso.

Mastergradsstudentar frå Universitetet i Bergen brukar Ulvanoso og Uskedalen som lokalitet for feltarbeid og oppgåveskriving. Studentane Johannes Hardeng og Ane Senneseth har i sommar vore to veker på Fjellandsbø og Øvre Musland for å kartleggingsarbeid for å finna meir ut skråningsprosessane i Ulvanoso og kva det har hatt å sei for landsskapsforming etter den siste istida.

Med ekkolodd og GPS er Fjellandsbøvatnet kartlagd med nøyaktig djupne og kva sediment som er på botn. Kartlegginga syner at vatnet har på det jevne ei djupne på 2 - 3 meter, men det vart også funne eit avgrensa punkt der djupna er heile 10,5 meter. Skredkartlegging er ein viktig del av mastergradsoppgåva til Johannes Hardeng og om kva som gjer at det framleis er tilførsel av lausmassar i Ulvanoso som igjen fører til ulike typar skreder.



Fjellandsbøvetnet er krtlagd på kryss og tvers. Sedementprøver vil syna kva matereiale ein finn nokre meter ned i botnen. F.v. Johhanes Hardeng med assistentane sine, Ole Martin Nuven og Håkon Tufeland.

Professor Atle Nesje er vegleiar for studentane. Plassen er godt eigna, særleg fordi mange geologiske fenomen er godt synlege i landskapet, som botnar, dalar, steinurer, elvefar og morener. Kjerneprøvene i vatnet syner kva ein finn av sediment. Det kan vera leire, sand og organisk matereiale. Desse prøvene vert analysert og tolka om kva som har vore av geologiske hendingar dei siste 9000 åra. Organisk materiale vert C14 datert.

Studentane har kontakt med fastbuande øvst i Uskedalen. Neste kartleggingsperiode vert til vinteren med snø, frostsprenging og steinsprang. Masteroppgåva skal vera klar for levering sommaren 2018.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal